



Arkivnr: 2018/16480-140

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		07.11.2019

Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 2. utkast

Samandrag

Eldrerådslova (§ 8) slår fast at fylkeseldrerådet kvart år skal utarbeide ei melding om verksemda si og at denne skal leggjast fram for fylkestinget, og i følgje Hordaland fylkeskommune sitt [reglement](#) skal dette gjerast innan 1. juli. Som følgje av regionreforma og at valperioden går mot slutten, er det formålsteneleg å ferdigstille årsmeldinga mest mogleg på noverande tidspunkt. For å ta høgde for eventuelle tilføyingar i løpet av året vil årsmeldinga truleg verte handsama i det avsluttande fylkestinget for Hordaland 10.12.19.

2. utkastet til årsmeldinga ligg vedlagt. Denne er basert på 1. utkastet, behandla i møte 05.09.19 under PS 66/19, og dei endringane som vart diskutert i møtet. De vert bedne om å fokusere særskild på at informasjonen som skal vere med er teken med. Sjølve vedlegga vil verte lagt til ved eit seinare høve.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre. Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere mindre endringar i ettertid, i form av eventuelle oppdateringar og tilføyingar.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.